## Idrettslaget endeleg med heimeside

26.04.2012




**Eit idrettslag treng framfor noko anna lag ei heimeside på nettet på grunn av mangfaldig verksemd og mange aktørar. Difor har det vore bortimot pinleg at vårt lokale idrettslag ikkje har hatt noko slik side. Men den som ventar på  noko godt ventar ikkje forgjeves og no er heimesida her og ber merkelappen [uskedalil.no](uskedalil.no)**
**Anbjørn Høivik er mannen bak prosjektet og han har verkeleg gjort ein framifrå jobb både med omsyn til komposisjon og innhald.**

Sida har ei innbydande, grøn fargetone som skillar ho frå andrre og tilsvarande sider i distriktet.

Informasjonen er greitt og ryddig organisert og hvis også vedlikehaldet blir like bra teiknar dette til å bli ein fulltreffar.

Det einaste ein umiddelbart saknar litt i denne fyrste utgåva er det ein kan kalla ein journalistisk snert. Det fyrste som skal skje i laget sin regi er sykkelrebusen 1. mai og den er det sjølvsagt reklamert skikkeleg for i nettavisa. Hvis det hadde vore eit intervju med rebusgeneralen ville temaet
frista enda meir til lesnad! Det er ikkje for seint...

Av Ola Matti Mathisen